

## Redskapsbua vert prefabrikkert i Beinavikjo.

05.07.2018



Dugnadsgjengen med Endre Myklebust som leiar. Med seg i dag hadde han Odd Steinar Arnesen og Kjetil Myklebust.

**Den 50 kvadratmeter store redskapsbua til Kunstgrasbanen vert prefabrikkert ved Uskedal Trelastlager sitt anlegg i Beinavikjo. Tre menn er på dugnad kvar dag i denne veka. Langveggene er klar for montering på den klargjorde tomta. 18 takstolar er ferdiglaga og står lagra inne på Trelastlageret.**

Endre Myklebust er prosjektleiar og fagleg ansvarleg for arbeidet. Med seg denne dagen var Kjetil Myklebust og Odd Steinar Arnesen. Redskapsbua er 10 meter lang og 5 meter brei. På taket skal det vera stålplater. Ringmuren er ferdig. Det skal støypast golv med varmekablar. På sikt vert redskapsbua isolert. Takstolane er laga på Trelastlageret og er klar for montering straks veggene er på plass.



[Prosjektgruppa er godt nøgd med å få bruka Uskedal Trelastlager sin kai til arbeidsplass.](#)

Redskapsbua er kostnadsrekna til kr. 200.000,-. Det er alt løyvd midlar frå KSBank 1- stiftinga, Kvinnherad. Den nye ATV taktoren, som vert brukt til slådding, skal mellom anna vera fast plassert i redskapsbua. Musland Maskin gjer jobben med klargjering og løfting på plassen. Det vert også brukt kranbil til flytting og løfting.

Kjetil Myklebust i dugnadsgjengen ynskjer å takka Finn Guddal og Kåre Guddal for hjelp og positiv vilje med å la ein få bruka Trelastlageret til denne produksjonen. Det gjeld ikkje minst kaien ute der ein ha god plass og tilgang på alt verktøy og utstyr.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Skissen syner den eine langveggen i redskapsbua på Kunstgrasbanen.